



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 ASTRHEIM

Vår dato:

25.10.2023

Vår ref:

2023/16117

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tanja Holum, 5764 3110

Opning av tilsyn - om PPT utarbeider sakkunnig vurdering så snart som råd - Austrheim kommune

Statsforvaltaren opnar tilsyn med Austrheim kommune. Vi har som oppgåve å påsjå regeletterleving, og fører derfor tilsyn med kommunen jf. barnehagelova § 54 og opplæringslova § 14-1 første ledd. Når vi gjennomfører tilsynet har vi rett til innsyn i dokumentasjon, jf. kommunelova § 30-3.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er om pedagogisk psykologisk teneste (PPT) utarbeidar sakkunnig vurdering

- så snart som råd for barn under opplæringspliktig alder
- snarast mogleg i dei høva opplæringslova krev det for elevar i skulen

Vi fører tilsyn med kommunen som ansvarleg for PPT.

Vår risikovurdering

Risikovurderingar er utgangspunktet for tilsyna Statsforvaltaren gjennomfører. Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er eit område der konsekvensane for barn og elevane er særleg store ved brot på regelverket. Vi er vidare kjent med at det generelt er stor risiko knytt til om PPT utarbeidar sakshandsamingstida så snart som råd for barna/elevane. På bakgrunn av dette opnar vi tilsyn med Austrheim kommune.

Vi ber kommunen om å sende inn dokumentasjon

Vi kan krevje at kommunen sender oss dokumentasjon som vi meiner er nødvendig for å gjennomføre tilsynet, jf. kommunelova § 30-3.

Vedlagt ligg ei oversikt over dokumentasjonen vi ber dykk sende inn. Vi ber òg om at kommunen svarar ut spørsmåla i vedlegget, og sender oss dette saman med dokumenta vi etterspør.

Frist for innsending av dokumentasjon er **15. november 2023**

Vi gjer merksam på at dokument som inneholder sensitive opplysningar må sendast på sikker melding til Statsforvaltaren: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/om-oss/skjulte-sider/send-sikker-melding/>



Gjennomføring av tilsynet

Når vi har fått dokumentasjon frå kommunen, vil vi vurdere om det er behov for å opplyse saka ytterlegare. Dersom det blir aktuelt å gjennomføre intervju, kjem vi tilbake til dette.

Vi vurderer dokumentasjonen vi får om kommunen sin praksis opp mot regelverket, og lagar ein førebels tilsynsrapport. Kommunen får høve til å kommentere rapporten. Vi vurderer kommunen sine tilbakemeldingar og gjer eventuelt endringar i rapporten, før vi lagar ein endeleg tilsynsrapport. Dersom vi finn brot på regelverket, vil det gå fram av rapporten kva pålegg vi gir. Kommunen får ein frist for å gjennomføre pålegg.

Vi publiserer den endelege tilsynsrapporten i nasjonal tilsynskalender.

De får brev når vi avsluttar tilsynet.

I tilsynet kan vi komme til å handsame personopplysningar. Du kan lese meir om dette på Utanningsdirektoratet si heimeside her: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/personvern-for-barnehage-og-skole/behandling-av-personopplysninger-i-tilsyn/>

Kontaktperson

Vi ber kommunen oppgi ein kontaktperson for tilsynet, og sende oss namn og kontaktinformasjon til tilsynsleiar Tanja Holum tahol@statsforvalteren.no innan **8. november**. Viss de har spørsmål om tilsynet kan de rette dei og til tilsynsleiar.

Dialog underveis i tilsynet

Dersom kommunen ønskjer det, legg vi til rette for eit digitalt formøte der vi informerer om den praktiske gjennomføringa av tilsynet, og eit digitalt sluttmøte der vi går gjennom våre vurderingar og konklusjonar i førebels tilsynsrapport. Meld frå til tilsynsleiar dersom dette er aktuelt.

De har rett til å klage

De kan klage på pålegget om å sende inn dokumentasjon, jf. forvaltningslova § 14. Dersom de klagar, må de gjere det innan tre dagar. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har komme fram til dykk. De sender klagen til oss. Vi har høve til å gjere om avgjerd av vår. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

Dersom vi vurderer at det er «påtrengjande nødvendig» å få dokumentasjonen raskt for å gjennomføre oppgåvene våre, kan vi krevje at de gir oss dokumentasjonen før ei eventuell klage er avgjord, jf. forvaltningslova § 14 femte punktum.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
sekjonsleiar

Tanja Holum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

